


SAMFUNNSDELEN TIL KOMMUNEPLANEN 2021 - 2033

Planprogram - høringsutkast



Aurland kommune



Innhald

Innleiing	2
1. Føremålet med planarbeidet.....	2
2. Føringar og rammer for planarbeidet	3
2.1 Kommunal planstrategi	3
2.2 Nasjonale og regionale føringar for planarbeidet	3
3. Organisering av arbeidet	4
3.1 Politisk organisering	4
3.2 Administrativ organisering	5
3.3 Opplegg for medverknad.....	5
3.4 Prosess og framdrift	5
4. Utforming av plandokumentet.....	6
5. Utfordringsbilete	6
6. Hovudtema	8
6.1 Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune.....	8
6.2 Lokalsamfunn og tenesteutvikling.....	9
6.3 Næringsutvikling og besøksforvaltning	10
7. Mål i samfunnsdelen	11
8. Behov for utgreiingar	13
9. Vedlegg: Medverknadsplan.....	13

Innleiing

Kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet i kommunen som til ei kvar tid skal ta i vare kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Planen skal vere grunnlaget for planlegginga og arbeidet i einingane, og for å nå dei samfunnsmåla som vert sett. Det er behov for ei utvikling av mål og strategiar for dei kommunale tenesteområda.

Gjennom prosessen med kommunal planstrategi for 2020 – 2023 er rådmannen bedt om å starte arbeidet med å utarbeide samfunnsdelen til kommuneplanen. Føringsane i planstrategien skal ligge til grunn for arbeidet. Som del av dette arbeidet skal kommunen, etter plan- og bygningslova § 4-1, utarbeide eit planprogram for samfunnsdelen.

Planprogrammet skal gjere greie for:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessane med fristar og deltakarar
- Opplegg for medverknad
- Behovet for utgreiingar

Planprogrammet skal avgrense planarbeidet til det som er naudsynt og til det som er realistisk innanfor den oppsette framdriftsplanen for samfunnsdelen. Dette har konsekvensar for kva utgreiingar og analysar planprogrammet legg opp til. Framlegg til planprogram skal etter plan- og bygningslova § 11-13 verte lagt ut til offentleg ettersyn, samtidig med varsling av at planarbeidet vert starta opp.

1. Føremålet med planarbeidet

I samfunnsdelen skal kommunen etablere eit samla sett av overordna mål og strategiar for Aurland kommune. Gjennom samfunnsdelen skal kommunen peike ut mål for samfunnsutviklinga og ta stilling til nasjonale og regionale føringar. I tillegg skal samfunnsplanen gje føringar for kommunen si verksemd i einingane, planlegging og økonomiplanlegginga gjennom kommuneplanen sin handlingsdel.

Planstrategien legg opp til at Aurland kommune skal utarbeide færre planar i åra framover og ha fokus på å halde den overordna kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel oppdatert, framfor å utarbeide tematiske kommunedelplanar som i liten grad vert brukt.

Føremålet med planarbeidet er å skape eigarskap til dei overordna mål og strategiane gjennom brei medverknad i utarbeiding av planen.

2. Føringer og rammer for planarbeidet

2.1 Kommunal planstrategi

I planstrategien vert det vist til at det er stort behov for revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen. Planstrategien legg opp til at revisjon av samfunnsdelen startar opp i 2020 og vert vedteken i løpet av 2021. Revisjon av arealdelen startar opp i 2021 med mål om vedtak i løpet av 2022.

Utfordringsnotatet, som vart utarbeida som eit grunnlag for arbeidet med planstrategien, økonomiplanen 2021-2024 og oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, summerer opp utfordringsbilete til kommunen slik:

- Arealknappheit – knytt til naturfare, dyrka mark, strandsone, infrastruktur
- Naturfarar og beredskap – flaum, skred og ulykker
- Næringsutvikling
- Omstilling til grøn teknologi og klimatilpassing i offentleg og privat sektor
- Besøksforvaltning - transport og parkering, fellesgode finansiering, slitasje på natur og kulturverdiar
- Nok bustader tilgjengeleg i rett variasjon
- Kommunale tenester –auke i tal eldre, integrering, barn og unge som dett utanfor samfunnet
- Fysisk aktivitet og nærmiljø
- Omdøme og frivillige
- Halde fram som eigen kommune – samfunnsutvikling, interkommunalt samarbeid, eigarskapsstyring, effektiv tenesteproduksjon

2.2 Nasjonale og regionale føringer for planarbeidet

I planstrategien vert det vist til Regjeringa sine nasjonale forventningar til kommunen sin planlegging og til Vestland fylkeskommune sitt pågåande arbeid med utviklingsplan for det nye fylket.

I samband med høyring og offentleg ettersyn av planstrategien var det fleire overordna myndigheiter som kom med innspel til tema som bør takast med i samfunnsdelen.

Direktoratet for mineralforvaltning anbefaler kommunen å gjere ei vurdering av om eksisterande plangrunnlag i tilstrekkeleg grad bidreg til å sikre god og langsiktig forvaltning av kommunen sine mineralressursar. Vidare bør det gjerast ei vurdering av om kommunen har tilgang til naudsynte mineralske ressursar for realisering av planlagt utvikling og utbygging. Temaet kan takast inn i overordna føringar i samfunnsdelen, slik at grunnlaget for vidare handtering av temaet mineralressursar og område for råstoffutvinning er vurdert før revisjon av arealdelen.

Fylkesmannen i Vestland og Vestland fylkeskommune viser til at strategiar for folkehelse må vere med i samfunnsdelen. Kommunen skal utarbeide ein eigen kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, og innarbeide folkehelse i samfunnsdelen. Fylkesmannen peika i tillegg på at det må takast omsyn til born og unge sitt oppvekstmiljø i kommuneplanen, samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid må forankrast i samfunnsdelen og temaet energi og miljø må byggjast på eksisterande og ny kunnskap. Heilskapleg ROS og beredskapsplan skal òg takast med inn i samfunnsdelen.

Vestland fylkeskommune viser til at kommunen må leggje stor vekt på medverknadsprosessar i arbeidet med samfunnsdelen. Dei rår kommunen til å gjera nærare vurderingar knytt til sårbarheit i næringslivet og styrka kunnskapsgrunnlaget på dette området med utgangspunkt i erfaringar som er gjort i den perioden vi har vore i, og framleis er i, som følgje av korona pandemien. Fylkeskommunen peikar òg på at folkehelsestrategiar bør innarbeidast i kommuneplanen, i tillegg til inkludering og integrering.

3. Organisering av arbeidet

3.1 Politisk organisering

Formannskapet tek dei formelle avgjerdene undervegs i planarbeidet, med endeleg vedtak i kommunestyret. Politikarane er med i ei arbeidsgruppe saman med representantar frå einingane. Arbeidsgruppa er med på møter med utval og råd, barn og unge, grendemøter og møter med lag, organisasjonar og næringsliv.

3.2 Administrativ organisering

Det administrative arbeidet vert styrt av Forvaltning og utvikling (FORUT), som har ansvaret for å sikre framdrifta og den faglege forankringa internt. Kommuneplanarbeidet er eit tverrfagleg prosjekt som skal involvere alle tenesteområda. Det vert etablert eigne arbeidsgruppe beståande av sentrale aktørar og politikarar innanfor kvart hovudtema.


3.3 Opplegg for medverknad

Medverknad vil i hovudsak skje gjennom temamøter, arbeidsseminar og nettbaserte løysingar. Det vert lagt vekk på å bruke allereie etablerte strukturar og opne møteplassar.

Arbeidet med samfunnsdelen vil bli meldt inn til planforum tidleg i planprosessen. Dette for å forankre arbeidet, sikre god informasjonsflyt og etablere eit godt samarbeid med overordna myndigheiter.

3.4 Prosess og framdrift

Det skal arbeidast parallelt med dei tre hovudtema og utgreiingane startar før planprogrammet er vedteke for å halde framdriftsplanen. Arbeidet med samfunnsdelen starta med politisk vedtak i kommunestyret 17.september 2020, sak 063/20. Dei grøne boksane representerer medverknad, dei blå sirklane viser til politisk behandling og dei grå boksane viser til det administrative arbeidet.



I samband med oppstart av arbeidet med samfunnsdelen vart det sett ned arbeidsgrupper med politikarar og representantar frå dei ulike einingane. Formannskapet, rådmann og representant frå teknisk eining arbeider med tema «Samfunnstryggleik og Aurland som

eigen kommune», Levekårsutval og representantar frå pleie, rehabilitering og omsorg, skule og barnehage og flyktingtenesta arbeider med «Lokalsamfunn og tenesteutvikling» og plan- og eigedomsutval og representantar frå kultur, landbruk og teknisk arbeider med «Næringsutvikling og besøksforvaltning».

Arbeidsgruppene hadde to møte i november 2020 knytt til utarbeiding av planprogrammet der dei såg på utfordringsbilete, visjon, mål og medverknad. Planprogrammet skal opp til politisk behandling i formannskapet i november med framlegg om utlegging til høyring og offentleg ettersyn, og ny politisk behandling i januar med framlegg om vedtak. I januar er det planlagt fleire møte med innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv, utval og nemnder og andre sentrale aktørar, sjå medverknadsplanen for meir informasjon. Det vert nytt møte i arbeidsgruppene etter dei andre møta for arbeid med innspela. Deretter vert det arbeida administrativt med eit utkast til samfunnsdelen, som vert lagt ut på høyring i april. Målet er at samfunnsdelen skal vedtakast i juni 2021.

4. Utforming av plandokumentet

Hovudstrukturen i samfunnsdelen til kommuneplanen skal ta utgangspunkt i tre hovudtema som er skildra i kap. 6.1 Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune, kap. 6.2. Lokalsamfunn og tenesteutvikling og kap. 6.3 Næringsutvikling og besøksforvaltning.

Kommunen har som mål å utarbeide færre tematiske planar i åra framover og heller integrere slike planar i dei overordna planane og utarbeide meir målretta handlingsplanar knytt opp mot desse. Aurland kommune skal ta stilling til korleis me skal arbeide vidare med FN sine berekraftmål i samfunnsdelen. Mens klima og folkehelse vil vere eit gjennomgåande tema i alle dei tre hovudtema. Målet til kommunen er at klima og folkehelse skal vere ein del av alt anna arbeid som kommunen gjer. I tillegg må kommunen sjå meir på verdsarvstatusen, som er med på å definere rammene i kommunen. I samfunnsdelen blir det lagt meir vekt på mogleghetsbilete til kommunen, t.d. innan landbruk, skule og barnehage og pleie og omsorg.

5. Utfordringsbilete

I utfordringsnotatet 2020-2023/2032 til Aurland kommune, vart utfordringsbilete til kommunen samanfatta i 10 punkt. Arbeidsgruppene arbeida med desse utfordringane gjennom ein SOFT-analyse og resultatet samanfall stort sett med rådmannen sin

oppsumming. Unntaket var at gruppene ønska større fokus på kommunen sitt omdøme og påverknad frå ytre hendingar som pandemi og terror. I neste kapittel vert hovudtema for samfunnsdelen skildra meir, men utfordringane kan allereie no knytast opp mot desse tema. Utfordringsbilete kan summerast opp slik:

Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune

- Halde fram som eigen kommune – samfunnsutvikling, interkommunalt samarbeid, eigarskapsstyring, effektiv tenesteproduksjon, byråkratisering ved vern, små kompetansmiljø, sårbart inntektsgrunnlag
- Arealknappheit – knytt til naturfare, dyrka mark, strandsone, infrastruktur
- Nok bustader tilgjengeleg i rett variasjon – mangel på bustadtomter og bustadar, for mange fritidsbustadar i sentrum
- Naturfarar og beredskap – flaum, skred og ulykker, klimatilpassing, sentralisering beredskap

Lokalsamfunn og tenesteutvikling

- Kommunale tenester – auke i tal eldre, integrering, barn og unge som dett utanfor samfunnet, store forventningar til kommunale tenester, demografisk utvikling og klimaomstilling
- Fysisk aktivitet og nærmiljø – folkehelse, einsemd, frivillige
- Omdøme – framsnakke kommunen internt og eksternt

Næringsutvikling og besøksforvaltning

- Næringsutvikling – manglande breidde i næringsutviklinga, einssidig og sårbart næringsliv
- Ytre påverknad – pandemi, terror, finanskrise
- Omstilling til grøn teknologi og klimatilpassing i offentleg og privat sektor
- Besøksforvaltning – transport og parkering, fellesgode finansiering, slitasje på natur og kulturverdiar

6. Hovudtema

6.1 Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune

Eigen kommune

I kommunereforma valde Aurland å halde fram som eigen kommune. I samfunnsdelen ønskjer kommunen derfor å sjå nærare på kva det vil seie for samfunnsutviklinga og interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid kan til dømes skape større avstand til lokalt sjølvstyre. Ei anna utfordring ved å vere ein liten kommune er små kompetansemiljø og rekruttering. I samfunnsdelen bør det sjåast nærare på kva kommunen kan gjere for å få tak i høgt utdanna arbeidskraft i staden for at dette skal vere opp til kvar enkelt eining. Kommunen har god økonomi, men likevel eit sårbart inntektst grunnlag. I tillegg er store deler av kommunen verdsarvområde, korleis kan kommunen nytte denne statusen i samfunnsutviklinga?

Arealknappheit

Det meste av arealet i kommunen er høgfjellsområde og bratte fjord- og fjellsider. Det er få områder som kan byggast ut utan rasfarevurdering og gjennomføring av sikring, i tillegg er det flaumfare i elvar og bekker. Areala som er eigna for utbygging er stort sett samanfallande med innmark i aktiv drift. I samfunnsdelen ønskjer kommunen å sjå nærare på korleis Aurland best kan forholde seg til krava frå overordna myndigheiter og drive ei berekraftig arealforvaltning som tek omsyn til natur- og kulturverdiane i kommunen, samstundes som kommunen skal ha ei vidare utvikling.

Bustad

Nok bustadtomter og bustadar både til sals og leige har lenge vore ei utfordring i kommunen. Kommunen har utarbeida ein bustadpolitisk handlingsplan og verkemidla i den må arbeidast vidare med i kommuneplanen.

Naturfare og beredskap

Klimatilpassing er eit viktig tema i samfunnsdelen, og kommunen bør sjå på korleis klimatilpassing kan integrerast i organisasjonen og ut samfunnet. I tillegg til dette er samfunnstryggleiksarbeid eit viktig tema i samfunnsdelen og som turistkommune bør Aurland vurdere samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige utfordringar knytt til det å vere ein turistdestinasjon med anløp av mellom anna cruiseskip.

Samanfatta ønskjer kommunen å utgreie desse problemstillingane i samfunnsdelen:

Halde fram som eigen kommune: Samfunnsutvikling, interkommunalt samarbeid og rekruttering.

Areaknappheit: Korleis kan Aurland best forholde seg til krava frå overordna myndigheiter og drive ei berekraftig arealforvaltning som tek omsyn til natur- og kulturverdiane i kommunen, samstundes som kommunen skal ha ei vidare utvikling.

Samfunnstryggleik og beredskap som turistdestinasjon: Korleis dimensjonere samfunnet for det store talet på besøkande.

Klimatilpassing: Forankre klimatilpassingsarbeidet i einingane og satse på berekraft.

Verdsarv: Korleis nytte statusen som verdsarvområde i samfunnsutviklinga?

6.2 Lokalsamfunn og tenesteutvikling

Kommunale tenester

Kommunen har ansvar for å yte tenester til innbyggjarane heile livet og tilrettelegge for alle aldersgrupper. Den demografiske utviklinga er eit viktig perspektiv her, me blir stadig fleire eldre, korleis kan me leggje til rette for at dei skal leve heile livet og ta vare på dei grunnleggjande funksjonane, som mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene? I tillegg har kommunen eit viktig ansvar for å integrere og inkludere alle innbyggjarane i fellesskapet, spesielt grupper som treng ekstra oppfølging, til dømes unge som fell utanfor samfunnet. Kommunen har fleire grupper av nye innbyggjarar, både flyktningar, sesongarbeidarar og tilflyttarar. I samfunnsdelen ønskjer kommunen å sjå nærare på korleis desse best mogleg kan bli inkludert i lokalsamfunnet. I tillegg til dette skal FN sine berekraftsmål og barnekonvensjonen vere integrert i den kommunale verksemda. Det må òg sjåast på korleis dei ulike tenesteområda kan integrere klima og klimatilpassing i sitt arbeid.

Aktivitet og folkehelse

Kommunen har mange fritidstilbod og aktive lag og organisasjonar. Men for tilflyttarar kan det vere vanskeleg å få oversikt over alle tilboda som finst. I tillegg er det stort potensiale for å skape fleire møteplassar, kva lokale har kommunen tilgjengeleg og korleis kan me bruke dei? Folkehelse er òg eit viktig tema i samfunnsdelen, kva kan kommunen gjere for å leggje til rette for betre folkehelse?

Omdøme

Eit tilbakevendande tema i arbeidsgruppene var kommunen sitt omdøme, korleis snakkar me om kvarandre internt og eksternt? Har kommunen eit betre omdøme utanfor Aurland enn i Aurland? Dette har samanheng med mellom anna rekruttering, men òg innbyggjarane sine forventningar til kommunen.

Samanfatta ønskjer kommunen å utgreie desse problemstillingane i samfunnsdelen:

Kommunale teneste: Innbyggjarundersøking – kva tykkjer innbyggjarane om dei kommunale tenestene?

Integrering og inkludering: Leggje til rette for eit aldersvenleg samfunn, ta vare på unge som fell utanfor samfunnet, inkludere nye innbyggjarar og førebyggje psykisk helse og fattigdom.

Aktivitet og folkehelse: Korleis kan samarbeidet mellom ulike aktørar organiserast betre? Kva kan me gjere for å oppretthalde fritidstilbodet? Kva kan kommunen gjere for å leggje til rette for betre folkehelse?

Omdøme: Korleis framsnakke kommunen internt og eksternt?

6.3 Næringsutvikling og besøksforvaltning

Næringsutvikling og ytre påverknad

Eit viktig tema for kommunen er korleis næringslivet skal utvikle seg framover. Aurland kommune har tidlegare blitt framheva som ein av dei minst sårbare kommunane i fylket innanfor næringslivet, men det siste året har vist kor sårbar næringslivet i kommunen er for ytre påverknadar, som pandemiar. Men kommunen er òg sårbar for avgjersler som endrar økonomiske rammevilkår. Kommunen kan gjere lite med desse ytre påverknadane, men må sjå på korleis me kan førebu oss for dei. I samfunnsdelen må kommunen òg sjå på kva slags næringar kommunen skal satse på framover og korleis kommunen kan leggje til rette for nye arbeidsplassar, t.d. kontorstad i Aurland for ein bedrift som er basert i Oslo.

Klimaomstilling

Klimaomstilling er eit viktig tema innanfor næringslivet, og i samfunnsdelen må det sjåast på korleis næringslivet kan tilpasse seg, kan dette vere ei moglegheit for næringslivet i kommunen? Kan nye næringar kome som eit resultat av dette? Kommunen har allereie mykje kunnskap og kompetanse som kan nyttast, til dømes gjennom Sogn Jord- og Hagebruksskule eller arbeidet som er gjort i forbindelse med nullutslepp i reiselivet.

Reiselivsutvikling

Det er fleire pågåande prosjekt knytt til utvikling av reiselivsnæringa i kommunen og det er gjort vedtak i kommunestyret (sak 045/20) og i utval for plan og eigedom (043/20) om at desse prosjekta må avklarast i kommuneplanen. Samfunnsdelen må derfor seie noko om kva retning reiselivet skal utvikle seg vidare i, skal det til dømes satsast på nye attraksjonar og korleis skal utviklinga innanfor dei ulike grendene vere?

Besøksforvaltning

Aurland kommune er eit attraktivt reisemål med ein million besøkande i året. Samfunnsdelen må derfor seie noko om korleis kommunen kan vere eit godt vertskap samstundes som trivselen til innbyggjarane vert ivareteke og korleis kommunen kan ha ein bevisst strategi for besøkande i heile kommunen.

Samanfatta ønskjer kommunen å utgreie desse problemstillingane i samfunnsdelen:

Vekst i næringslivet: Skal kommunen satse på nye næringar eller vekst i eksisterande næringar?

Omstilling til grøn teknologi: Kan omstillinga føre til nye næringar? Korleis kan næringslivet tilpasse seg klimaendringane?

Sårbarheit i næringslivet: Kva er konsekvensane av koronapandemien og kva er kommunen sin rolle i handteringa av ytre påverknadar?

Retningsval innan reiselivet: Kva type turistar og aktivitetar skal kommunen satse på? Korleis skal reiselivet utvikle seg innanfor dei ulike grendene? Skal kommunen satse på nye attraksjonar? Korleis kan kommunen arbeide vidare for å få etablert heilårsturisme?

Besøksforvaltning: Korleis kan Aurland vere attraktiv for både besøkande og fastbuande, og korleis kan kommunen arbeide vidare med besøksforvaltning og fellesgodefinansiering?

7. Mål i samfunnsdelen

I gjeldande samfunnsplan er det utarbeida visjon, overordna mål og delmål. I samfunnsdelen må det takast stilling til om det skal utarbeidast ny visjon og mål. Arbeidsgruppene konkluderte med at visjonen og det overordna målet framleis kan nyttast, men at det må utarbeidast nye delmål.

Visjon: *Aurland – det naturlege valet*

Visjonen speglar både naturen rundt oss og at det er naturleg å bu her. Visjonen har vore lite brukt og det bør arbeidast med korleis me kan nytte visjonen meir aktivt.

Overordna mål: *Aurland skal vere ein kommune der folk vil bu og finn det attraktivt å satsa og utvikla seg i både jobb og fritid.*

Dette er eit vidt mål som tek opp i seg nesten alt, det kan kanskje konkretiserast meir. Det må arbeidast meir med tiltaka for å følgje opp målet.

Delmål

Dei ni delmåla i gjeldande samfunnsplan kan delast inn under dei tre hovudtema.

Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune

Delmål: Auke folketalet i kommunen, Oppretthalde busetnad i grendene og Arbeide for berekraftig samfunnsutvikling

Arbeidsgruppa ønskja å gå vekk frå målet om å auke folketalet, det bør heller kome som ein effekt av tiltaka som blir gjort. Dei ønskja òg å oppretthalde og legge til rette for ny busetnad i grendene og ha levande grender. I tillegg til å oppretthalde god beredskap som passar til vår folkesamansetning. Måla bør følgje opp utfordringsbilete og derfor omhandle Aurland som eigen kommune, bustad, klima og beredskap.

Lokalsamfunn og tenesteutvikling

Delmål: Attraktive fritidstilbod, Trygt oppvekstmiljø, God tenesteyting

Aurland er eit lite lokalsamfunn og dette vert sett på som ein av styrkene til kommunen, her er det kort veg mellom idé og gjennomføring. Kommunen har gode kommunale tenester, godt aktivitetstilbod, tilgang på natur, jakt og fiske, idrett og kultur. Dette gjev gode moglegheiter for brei medverknad, samarbeid med frivillige, effektivisering av kommunale strukturar og digitalisering. Med dette i tankane kom arbeidsgruppa fram til at temamåla knytt til lokalsamfunn og tenesteutvikling må omhandle trygt livsløp, inkluderande kvardag og attraktive fritids- og naturtilbod, t.d. trygg heile livet, mestring heile livet og leve heile livet.

Næringsutvikling og besøksforvaltning

Delmål: Mangfaldig næringsliv, Arbeidsplassar - heile året, Bustadar og tomter til alle som ynskjer å busette seg i kommunen

Arbeidsgruppa ønskja at det skal gjerast ein prioritering av desse måla. Det har vorte arbeida mykje med heilårsarbeidsplassar og det bør vere meir fokus på eit mangfaldig næringsliv.

Aurland har fleire styrker og moglegheiter, som sterk vekst innanfor næringslivet, mykje kunnskap innanfor reiselivsnæringa, sterke merkevarer og gode moglegheiter til å utvikle næringslivet vidare, både basert på lokal produksjon og klimaomstilling. Dei nye måla bør vise til utfordringane innanfor dette temaet og dermed omhandle eit robust og allsidig næringsliv, grøn omstilling og besøksforvaltning.

8. Behov for utgreiingar

Samfunnsdelen vil byggje på kjent kunnskap, men det vil òg vere behov for utgreiingar innanfor dei tre hovudtema.

Tema	Utgreiing	Kjent kunnskap
Samfunnstryggleik og Aurland som eigen kommune	<ul style="list-style-type: none"> - Samfunnsutvikling - Interkommunalt samarbeid - Rekruttering - Overordna krav og føringar - Dimensjonering beredskap - Samla oversikt klimakunnskap - Verdsarv 	<ul style="list-style-type: none"> - Bustadpolitisk handlingsplan - Overordna ROS for Aurland kommune - Beredskapsplan
Lokalsamfunn og tenesteutvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Innbyggjarundersøking: kommunale tenester - Leve heile livet - Inkludering og integrering - Frivilligheit - Omdøme 	<ul style="list-style-type: none"> - Folkehelseoversikt - Sti- og løypeplan - Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i Aurland kommune
Næringsutvikling og besøksforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - Satsingsområde næring - Klimaomstilling - Sårbarheit næringslivet - Vidare utvikling innanfor reiselivet 	<ul style="list-style-type: none"> - Besøksforvaltning - Arbeid gjort i Sogn Regionråd og Vestland fylkeskommune

9. Vedlegg: Medverknadsplan